

# ADVOKAT HEINE TVILDE

M. N. A.

ORGANISASJONSNR. 874 338 672  
BØNDENES HUS. BOKS 107, 5701 VOSS  
TLF. 56 53 14 14, FAX 56 53 14 15

\K1537\ 02

Dato: 22.03.04

KOPI  
KOPI

Voss jordbruksskule  
5710 Skulestadmo

## GNR. 53 BNR. 5 I VOSS ÅRLEG FESTEAVGIFT REGULERING

Underteikna representerer Asle Gjeraker, eigar av gnr. 53 bnr. 1 (som bnr. 5 vart frådelt frå), og eigar av gnr. 53 bnr. 5 i Voss som Voss jordbruksskule står som festar av. Ein viser til arvefesteskøyte datert 03.11.1954 med påskrift om voldgiftsskjønn.

I fylgje arvefesteskøytet vart eigedomen taksert til kr 29.800,- i voldgiftsskjønn. Det vart avtalt at kjøpesummen skulle betalast som årleg festeavgift, der den årlege festeavgifta skulle setjast til 0,5 % over Noregs Bank sin diskonto når den var under 3 %, men til Noregs bank sin diskonto når diskontoen var over 3 %.

Med dette krev Asle Gjeraker at den årlege festeavgifta skal regulerast, i tråd med høgsterettsdommane frå 1988 (Rt. 1988 s. 276 og Rt. 1988 s. 295). Etter desse avgjerdene kan ein krevja årlege avgifter regulert med konsumprisindeksen kvart 10. år, med utgangspunkt i då avgiftene vart fastsett, sjølv om det i kontraktane ikkje står noko om regulering. I vårt tilfelle vert det rettast å regulera taksten frå 1954 med konsumprisindeksen, for deretter å fastsetja årleg avgift etter avtalte 0,5 % over Noregs bank sin diskonto når diskontoen er under 3 % (men ikkje høgare enn 3 %), men til diskontoen når diskontoen er over 3 %.

Konsumprisindeksen var i november 1954 på 10,1 og den var i november 2003 på 112,6. Oppregulert verdi på eigedomen vert då:

$$\frac{29.800,-}{10,1} \times 112,6 = \text{kr } 332.225,74.$$

Noregs bank sin diskonto pr. i dag er på 1,75 %. Det vil sei at avgifta skal setjast til 2,25 %. Dette gjev oppregulert


årleg festeavgift på **kr 7.475,-**

Dersom Noregs bank sin diskonto vert sett opp eller ned, skal den årlege festeavgifta justerast tilsvarande, med utgangspunkt i kr 332.225,74. Etter 10 år skal verdien på eigedomen regulerast på ny, med utgangspunkt i indeksen pr. november 2003 og indeksen pr. november 2013.

Regulert festeavgift for perioden 01.12.2003 til 01.12. 2004 skal etter avtalen betalast etterskotsvis, seinast den 01.12.2004. (Dersom Noregs bank sin diskonto er ein annan enn 1,75 % på det tidspunktet, må ein rekna ut avgifta på ny.)

Ein ber om skriftleg aksept på reguleringsmåten innan 01.05.2004, som kan gjerast med påskrift på dette brev.

Venleg helsing



Heine Tvilde  
advokat

Vedlegg:   Kopi av tinglyst arvefesteskøyte  
              Kopi av tabell

Kopi: Asle Gjeraker, Ringheimsvegen 153, 5710 Skulestadmo